

Årsmelding

Lindås Pensjonistlag i perioden 28 02 2013 – 27 02 2014-02-11

Medlemstalet har auka frå 82 til 97.

3 medlemmer har gått bort denne perioden : Margit Aven, Ivar Holmås og Erling Holmås.

Styret har bestått av:

Leiar: Kåre Bastesen

Nestleiar: John Fløysand

Kasserar: Svein Haukås

Sekreter: Astrid Karin Bastesen

Styremedlem: Alf Sætran

Styremedlem: Edith Hope

1.Vararepresentant: Sigmund Heggertveit

2.Vararepresentant: Gunvor Syslak

3.Vararepresentant: Marta Kvalvåg

Revisor: Helge Fjellanger og John A. Fjellanger

Turnemd: Alf Sætran , Margit Kolås og Karl Sletten

Valnemd: Karl Sletten, Ingunn Kolås og Arne Eide

Laget har hatt 10 styremøte og 10 medlemsmøter i perioden. I desse har me hatt vitjing av folk frå eigen organisasjon og og andre som har bidrege med ymse emne.

På sommaravslutninga stilte me med jordbær og is. Me har hatt medlemsmøte på Lindås Bu og servicesenter saman med bebruarane i november og det var ein triveleg kveld.

Av aktiviteter har me hatt: Den internasjonale aktivitetdagen 10. mai hadde me aktiviteter saman med LHL og Saniteten i Lindås senter.

Markering av 50.årsdagen til Hordaland Pensjonistforbund saman med Radøy, Indre Masfjorden og Nordbygda på Westland Hotell. Og fekk gode tilbakemeldinger.

Eldredagen 1. oktober. Den markerte me i år saman med Kløve og Ostereidet Pensjonistlag på Westland Hotell.

Styret har vært på tradisjonelt julebesøk på Lindåstunet.

Og som vanleg var me på Westland hotell på julebord.

Laget har i samarbeid med Veteranklubben på Mongstad vært og sett forestillingen "Gu kor gøy" med Bjarte Hjelmeland.

I år hadde me også ein dagstur. Om Tjorehagen til Utvandrar-senteret på Radøy med påfølgende middag på Kilstraumen Gjestgiveri etter å ha vore innom seniorsenteret på Austrheim og sett filmen om Selsøya.

På seinsommaren drog me på busstur med andre pensjonistar. Turen gjekk til Molde. Dagen etter drog me til Kristiansund og tilbake Atlanterhavsveien. Me hadde eit stopp på Bud og fekk verdens beste fiskesuppe. Neste dag kjørde me

Trollstigen til Geiranger og videre til Beitostølen der me overnatta før me reiste heimatt over Valdres. Alle var enig om at det hadde vært ein kjekk tur med flink sjåfør og guide ikkje minst godt bistått av Jorunn og Alf.

Av kursinga i år har Leiar og Sekreter vært på kurs i Hordaland Pensjonistforbund i samband med årsmøte. Dessutan har me hatt førstehjelpskurs og bilførarkurs 65+ samand med Veteranklubben.

Me har hatt to instruktørar til seniordans på kurs.

Me har kjøpt inn musikk-utstyr til Seniordansen. Der er ein trufast gjeng som kosar seg og me håpar på fleire deltakarar.

Det same gjeld og for Bowling-gruppa.

Pensjonistlaget koordinerte også i år TV-aksjonen i oktober.

Nytt på matfronten er at det på medlemsmøte i oktober vart beslutta å satsa på innkjøp av snitter til møtene, og betalinga vart sett til kr 50.-.

Økonomi

Laget sin økonomi har slik som året før vore god i heile 2013. Grunnen til dette er først og fremst at vi er flinke til å skaffe inntekter til laget. Aktivitetsdagen (10/5) og at vi påtek oss å skipa til jubileumsfest for Pensjonistforbundet Hordaland (20/8) og Eldredagen (1/10) gir overskot, alle medlemar er flinke til å betala kontigenten sin og medlemstalet er i vekst, samt at banken vår stiller opp med pengegåve. I tillegg er medlemane på lagsmøta våre rause kjøparar av årer og bingobrikker.

Vi har difor kunne subsidiera julemiddagen på hotellet (12/12) og dekkja bussen på laget sin dagstur i Nordhordland. Symjehallpengane vi fekk tilbake i 2012 er no fordelt slik vedteke på forrige årsmøte, det står berre ein mindre del att som går til bussleige ved 2014-tur.

Laget synest det er viktig å støtta opp om fysisk aktivitet for eldre, og ser seniordansen som rett å bruke pengar på.

Kåre Bastesen
(sign.)

Astrid Karin Bastesen
(sign.)

Svein Haukås
(sign.)

John Fløysand
(sign.)

Alf Sætran
(sign.)

Edith Hope
(sign.)